



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmrtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2022/3006 -

Dato 17.03.2022

Innkalling til styremøte 24.03.22

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Torsdag 24.03.22 kl. 10:00
Stad: Norsk Villreinsenter Sør, Skinnarbu

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|----------|---|
| Sak 1/22 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 2/22 | Saksframlegg:
Klage på vedtak vedr. søknad om oppføring av tilbygg på Hellebui gnr. 142 bnr. 1, Kvammen sameige i Seljord kommune – Augon Eika og Halvor Mæland |
| Sak 3/22 | Saksframlegg:
Søknad om løyve til å bore etter vatn og gravearbeid for å etablere gråvatnanlegg og vakuumpolett på Myklestul gnr. 110 bnr.2 og 5 i Hjartdal kommune – Roar Fjeld |
| Sak 4/22 | Saksframlegg:
Søknad om riving og oppføring av nytt uthus på gnr. 100 bnr. 24 i Seljord kommune – Sigrun Dyrland Eidal |
| Sak 5/22 | Eventuelt |
| Sak 6/22 | Neste møte |



Sak 2/22

Klage på vedtak vedr. søknad om oppføring av tilbygg på Hellebui gnr. 142 bnr. 1, Kvammen sameige i Seljord kommune – Augon Eika og Halvor Mæland

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Augon Eika og Halvor Mæland søkte 05.11.21 om løyve til oppføring av tilbygg på hytta Hellebui gnr. 142 bnr.1, Kvammen sameige i Seljord kommune.

I søknaden vart det opplyst om at dagens fritidsbustad utgjer BYA på 72m² + 12m² overbygd veranda. I tillegg er det i dag eit uthus på 10m². Omsøkt tiltak utgjer 44m² BYA. Utvida fritidsbustad vil få totalt 128m² BYA.

Søkjarane eig hytta i saman, og legg til grunn at dei definerer hytta som to heilt avskilte hytter – under same tak. Med det som grunnlag for søknaden, søkte dei om å bygge på hytta slik at dei får utvida kvar sin eigen avskilte del av bygningen, og total BYA blir då 128 m².

Verneområdestyret handsama søknaden i styremøte 16.12.21, og det vart vedtak om avslag på søknaden. Grunngeving for avslag var at det planlagde tilbygget var langt større enn det som er tillate i høve til verneforskrift og føringar for maksimal storleik på bygningar i forvaltingsplan.

Søkjar har i brev av 07.01.22 klaga på vedtaket om avslag på søknad innanfor klagefristen, og det er klaga som no skal handsamast av verneområdestyret.

Vedlegg

- Søknad motteke 05.11.21 (2021/10745 – 1).
- Vedtak av 16.12.21 (2021/10745-2).
- Klage på vedtak, dagsett 07.01.22 (2021/10745-4).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Vurdering av klage

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltningsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker og eventuelle klager på vedtak, jamfør forvaltningslova § 33. Miljødirektoratet er klageinstans.

Klagar skriv følgjande i si klage på vedtak av 16.12.21 om søknad om påbygg på Hellebui, gnr. 142, bnr. 1 i Seljord kommune:

«Avslaget i Verneområdstyret blir begrunna med pkt. 3.2 i Forskrift om vern av BrattefjellVindeggen.



I saksutgreiinga for Verneområdestyret blir det ikkje stilt spørsmål til – eller reist tvil om – at søknaden / tiltaket IKKJE VIL FØRE TIL AUKA BRUK AV OMRÅDET – eller som det i saksutgreiinga heiter: «tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet». Dette meiner vi er heilt rett framstilling og konklusjon.

Vi meiner difor at grunnlaget for avslaget er feil med henvisning til Verneforskrifta som Verneområdestyret nyttar, og vi siterar frå forskrifta:

3. «Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til.»

3.2 «mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området».

I brevet frå Verneområdestyret står det at klage kan sendast til Miljødirektoratet via Verneområdet.

Da saka blir videresendt til Miljødirektoratet reknar vi med at alt av dokumentasjon og vedlegg som følgde søknaden blir lagt ved. Vi håper at Miljødirektoratet tek klaga vår til følge.»

Forvaltingsmyndigheita si vurdering av klage:

Klagar påpeikar i klaga at grunnlaget for avslaget er feil, og syner til verneforskrifta som verneområdestyret nyttar i sakshandsaminga. Klagar syner til at det i saksutgreiinga er nemnd at «tiltaket kan skje utan at det strir i mot føremålet med vernet», noko som dei meiner er riktig konklusjon for det planlagde tiltaket. Klagar syner til verneforskrifta kap. 4, punkt 3 og punkt 3.2.

I saksutgreiinga står det mellom anna: «Utsjånadmessig ser det greitt ut og det vil truleg ikkje føre til auka ferdsle, men storleiken på tiltaket er problematisk i høve til verneforskrift og retningsliner i forvaltningsplan. Eksisterande bygningsmasse utgjer i dag totalt BYA 94m², noko som allereie er godt over grensa for maksimal storleik i høve til forvaltningsplan (80m²). Det er og å rekne som ein relativt stor fritidsbustad innanfor Brattefjell/Vindeggen landskapsvernområde og andre verneområde. Forvaltningsplanens maksimale storleik for hytter/uthus på BYA 80 m² må oppfattast som ein absolutt grense, og i dette høvet er tiltaket det søkjast om godt over den maksimale storleiken.»

Søklarane eig hytta i saman, og legg til grunn for søknaden at dei definerer hytta som *to heilt avskilte hytter* – under same tak.

Med det som grunnlag for søknaden, vart det søkt om å bygge på hytta slik at dei får utvida kvar sin eigen avskilte del av bygningen, og det opplyst i søknaden om at dagens fritidsbustad utgjer BYA på 72m² + 12m² overbygd veranda. I tillegg er det i dag eit uthus på 10m². Omsøkt tiltak utgjer 44m² BYA. Det vil seie at utvida fritidsbustad vil få totalt 128m² BYA.

I saksutgreiinga står det vidare:

«Det er fleire sameige i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde, og elles i kringliggande fjellområde. Det er ikkje grunnlag for, eller praksis at ein i forvaltninga reknar ei felles sameigehytte som to ulike einingar, slik som søklarane har gjort i dette høve. Verneområdeforvaltninga skal ikkje ta stilling til korleis eit sameige er organisert eller liknande, men korleis eit fysisk tiltak kan påverke verneverdiane, og om tiltaket er i tråd med verneforskrift og forvaltningsplan.»



Det vil skape ein uheldig presedens om det etablerast ein praksis der sameigehytter vert rekna som fleire «einingar» under same tak.

Sjølv om hytta i dette høvet er organisert av eigarane som to einingar under same tak, vil ikkje det vere å rekne som to sjølvstendige einingar/hytter etter verneforskrift eller forvaltingsplan.»

Forvaltinga av verneområdet skal følgje verneforskrifta og føringar i forvaltingsplan ved sakshandsaming. Verneområdeforvaltinga fungerer ikkje slik at sjølv om eit enkelt tiltak innanfor verneområdet vurderast å ikkje føre til auka bruk av området eller ikkje vere i strid med verneføremålet, vil seie at det kan tillatast.

Forvaltingsplanen med nærare retningsliner for forvalting skal følgjast av verneområdestyret i si sakshandsaming.

Når det gjeld bygningar i verneområdet seier forvaltingsplanen følgjande:

Når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m², altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

Til tross for at klagar påpeikar at tiltaket ikkje vil føre til auka bruk av området eller at det ikkje strir imot føremålet med vernet, er det retningslinene nemnd ovanfor som ligg til grunn for at verneområdestyret har gjeve avslag på søknad om tilbygg. Forvaltingsplanens maksimale storleik for hytter/uthus på BYA 80 m² må oppfattast som ein absolutt grense, og i dette høvet er tiltaket det søkjast om godt over den maksimale storleiken.

Etter å ha vurdert klaga i sin heilskap, og vurdert kva som er relevant og eventuelt nye moment i saka, kan ein ikkje sjå nokon grunn til å endre på verneområdestyrets vedtak.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde kan ikkje sjå at klaga frå Augon Eika og Halvor Mæland inneheld nye vesentlege moment som kan gje grunnlag for å gjera om på vedtaket i verneområdestyret frå 16.12.21.

Vedtaket vert ståande og saka sendast Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Vedtaket vert sendt Augon Eika og Halvor Mæland.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell



Sak 3/22

Søknad om løyve til å bore etter vatn og gravearbeid for å etablere gråvatnanlegg og vakuumpolett på Myklestul gnr. 110 bnr.2 og 5 i Hjartdal kommune – Roar Fjeld

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Roar Fjeld er ein av to heimelshavarar til eigedommen Myklestul i Hjartdal kommune, gnr./bnr. 110/2 og 5. På eigedomen ligg stulen Myklestul. Fjeld har tidlegare fått løyve til løyve til ombygging av eksisterande ystebu innafor eksisterande grunnflate og eit mindre tilbygg til ystebua, jf. Miljødirektoratets vedtak av 27.01.20, ref. 2016/11306. Teikningane vart godkjent av verneområdestyret i vedtak av 25.06.20, jf. saksnr. 2019/8590 – 432.2.

Det søkjast om løyve til å bore etter vatn og etablere gråvatnanlegg og vakuumpolett ved ystebua. Tiltaket vil medføre at det må gravast ei grøft på 15 meter. Søkjar opplyser at inngrepet skal gjerast så skånsamt som mogleg ved å spare på torv og dekke til med den etter gjenfylling av grøfta. Miljøhygienisk avdeling som er eit interkommunalt samarbeid mellom Hjartdal, Notodden, Bø, Sauherad og Nome kommunar, har gjort ei vurdering av moglege VA-løysingar på Myklestul som er lagt ved i saka.

Då Myklestul ligg innanfor Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde, kan kommunal forureiningsmynde i Hjartdal kommune ikkje handsame søknad om utsleppstillating før det evt. føreligg ei tillating frå verneområdestyret om etablering av VA-installasjonar som medfører inngrep i grunnen.

Hjartdal kommune er forvaltningsmyndigheit for spørsmål til sjølve gråvatnanlegget og utslepp/forureining, men verneområdestyret må ta stilling til om naudsynt gravearbeid og eventuelt utslepp for tiltaket krevjar dispensasjon, og om det i så fall påverkar verneføremåla.

02.06.21 vart søknad om å bore etter vatn og etablere gråvatnanlegg handsama og vedteke (2020/7279-6). Vedtaket vart deretter påklaga av sameigepart, og klaga vart handsama av verneområdestyret 07.09.21. Verneområdestyret tok ikkje klaga til følge, og saka vart difor sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerse.

I brev dagsett 28.02.22, opphevar Miljødirektoratet verneområdestyrets vedtak frå 02.06.21. Grunngevinga er at søknaden må vurderast etter naturmangfaldslova § 48, og ikkje etter verneforskrifta kap. 4, punkt 3.1.

Difor skal saka no handsamast på nytt av verneområdestyret, og det er søknad om gravearbeid og eventuelt utslepp frå tiltaket som skal vurderast etter NML § 48.



Vedlegg

Søknad, dagsett 17.07.2020 (2020/7279-1)

Vedtak godkjent 02.06.21 (2020/7279-6)

Klage på vedtak, dagsett 23.06.21 (2020/7279-6)

Vedtak i klagesak 07.09.21 (2020/7279-9)

Brev frå Miljødirektoratet vedr. oppheving av vedtak, dagsett 28.02.22 (2020/7279-11)

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfoldloven

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å

- Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er mellom anna uttak eller oppfylling masse, uttak av torv og grøfting i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1.

Reglane er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg, jf. punkt. 2.2. Etter kap. IV, punkt 3.1 kan forvaltingsstyresmakta, "Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, gje løyve til tiltak i samband med jord- og skogbruk, så som oppføring av bygningar og liknande."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.

Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet. Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10.

Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessig beste resultatet.

Naturmangfaldlova § 48. (*dispensasjon frå vernevedtak*)

Forvaltingsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.



I avveininga mellom øvrige vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særleg leggast vekt på verneområdets betydning for det samla nettverket av verneområde og om eit tilsvarande verneområde kan etablerast eller utviklast eit anna sted. Tiltakshavar kan påleggast å bere rimelege kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarande område.

Treng eit tiltak tillating både etter verneforskrifta og etter anna lovverk, kan tiltakshavar velgje å søke om tillating parallelt. Vedtak skal i slike høve først fattast etter verneforskrifta, dersom ikkje anna følger av verneforskrifta eller forvaltingsmyndigheita sitt samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal innehalde naudsynt dokumentasjon om tiltakets verknad på verneverdiane. I dispensasjon etter første ledd skal grunngjeving for vedtaket syne korleis forvaltingsmyndigheita har vurdert verknadene som dispensasjonen kan få for verneverdiane, og kva for vekt det er lagt på dette.

Vurdering

Myklestul ligg i brukssona. Relevant forvaltingsmål for brukssona er at:

- Brukssona skal forvaltast med tanke på å ta vare på områda sin art og karakter utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming.
- Områda skal kunne nyttast til landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane.
- Oppretthalding av drift i utmarka er m.a. viktig for å taka vare på kulturlandskap og plantesamfunn, og dermed det biologiske mangfaldet.
- I dei områda som i delar av året er minst sårbare for forstyrring av m.a. villrein, kan ein legge til rette for naturopplevingsprodukt og jord- og skogbruk som bidrar til å sikre næringsgrunnlaget for dei lokale fjellbygdene gjennom aktiv verdiskaping med fjellet som ressurs.

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket, jf. NML §8 og §9.

Kunnskapsgrunnlaget er basert på Naturbasen, forvaltningsplan, Norsk rødliste for naturtyper, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen. I tillegg kjem all kunnskap om villreinen.

Myklestul ligg i kanten av det ein har definera som villreinens leveområde i Brattefjell-Vindeggen. Det er eit kjent villreintrekk eit stykke sør for stulen. Trekket går aust-vest i Runhellhovet, og må seiast å gå ut av villreinens leveområde. Areala austover er relativt utbygd, og det er mykje menneskeleg aktivitet. Det har medført at reinen truleg ikkje lenger brukar områda. Og dersom dyr observerast, må det reknast som streifdyr. Likevel veit ein at reinen kan ta opp gamle trekkruiter, og ved ytterlegare nedbygging reduserast denne moglegheita. I samband med handsaming av tidlegare søknadar på Myklestul har ikkje villreinnemnda hatt spesielle merknader.

Det er ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar, og heller ingen kjende kulturminne på staden. Korkje Riksantikvarens database «Askeladden» eller Naturbasen syner det.

Det er heller ikkje registrert flora, fauna eller naturtypar som kan bli påverka av tiltaket. Dette syner J. E. Eriksens arbeid med botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen.

Det søkjast om løyve til å bore etter vatn og etablere gråvatnanlegg og vakuumpolett ved ystebua. Tiltaket vil medføre at det må gravast ei grøft på 15 meter. Søkjar opplyser at inngrepet skal gjerast så skånsamt som mogleg ved å spare på torv og dekke til med den etter gjenfylling av grøfta.



Miljøhygienisk avdeling som er eit interkommunalt samarbeid mellom Hjartdal, Notodden, Bø, Sauherad og Nome kommunar, har gjort ei vurdering av moglege VA-løysingar på Myklestul som er lagt ved i saka. Deira konklusjon er som følgjande:

«Miljøhygienisk avdeling ser ingen fare for forurensning av drikkevannskilder eller vassdrag i området, og en ser heller ingen fare for at et slikt utslipp skal kunne medføre hygieniske eller forurensningsmessige ulemper for omgivelsene. Ønsket etablering av vann- og avløpsanlegg vil måtte medføre enkelte inngrep i grunnen, men med god planlegging kan installasjonene etableres slik at de blir lite synlige i omgivelsene i verneområdet.

En avløpsløsning med et begrenset utslipp av svartvann og gråvann til slamavskilling og etterfølgende infiltrasjon skal tilfredsstillende dagens rensekrav i forurensningsregelverket, og det vil i en eventuell utslippstillatelse bli satt vilkår for utforming, drift og vedlikehold av anleggene.»

Det er Hjartdal kommune som tek stilling til utsleppssøknaden, men verneområdestyret skal vurdere om tilhøyrande gravearbeid og eventuelt utslepp er greitt sett i ljøs av verneformåla og etter ei vurdering av naturmangfaldslova § 48. All graving vil gå føre seg i nærleik av ystebua på staden. Det skal gravast ei 15 meter grøft, men terrenget skal attendeførast så godt det lar seg gjere til opphøveleg tilstand.

Verneforskrifta kap. 4 punkt 1.1 seier at grøfing og utslepp av forureining er forbode. Det betyr at ein eventuell dispensasjon må gjevast etter NML § 48.

Miljødirektoratet skriv mellom anna i brev dagsett 28.02.22 vedr. oppheving av vedtak av 02.06.21:

«Det er gjennom tidligere saksbehandling flere ganger tatt stilling til det landbruksmessige behovet for sankebu, og det er lagt til grunn at det ikke er godtgjort et tilstrekkelig landbruksmessig behov til at søknaden kunne behandles etter kap. IV punkt 3.1. Bestemmelsen i kap. IV punkt nr. 3.1. åpner for å gi tillatelse til "tiltak i samband med jord- og skogbruk, så som oppføring av bygningar mv." Da spørsmålet om sankebu ikke ble vurdert etter denne bestemmelsen, mener Miljødirektoratet at det ut fra samme begrunnelse heller ikke kan gis tillatelse til å etablere vann og avløpsanlegg etter denne bestemmelsen. Søknaden må derfor vurderes etter naturmangfoldloven § 48.

Naturmangfoldloven § 48 åpner for at det kan gis tillatelse dersom det ikke er i strid med verneformålet og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig. Dette krever en konkret vurdering av tiltakets påvirkning på verneverdiene. Miljødirektoratet viser til at det ikke er kun gravearbeidene som krever dispensasjon etter verneforskriften. Etter verneforskriften kap. IV punkt 1.1 er også utslipp av forurensning av alle slag forbudt. Selv om kommunen er forurensningsmyndighet etter forurensningsloven, må verneområdestyret vurdere eventuelle utslipp i verneområdet opp mot verneforskriftens bestemmelser.

På bakgrunn av ovenstående opphever Miljødirektoratet verneområdestyrets vedtak og sender saken tilbake til ny behandling. Søknaden om å bore etter vann og etablere gråvannsanlegg og vakumtoalett må behandles etter naturmangfoldloven § 48.»

Forvaltingsmyndigheita har gjort ei konkret vurdering av tiltakets påverknad på verneverdiane, og vurderer at gravetiltaket i seg sjølv vil berre vere synleg i samband med arbeidet og kort tid etterpå. Det er viktig at oppgravd areal vert pussa og naturtilstand så langt som mogleg vert tilbakeført. Stadeigne massar og torv som gravast opp skal sparast på, og dekke til grøfta etter gjenfylling. Slik sett vil ein ikkje få landskapsmessig påverknad i nemneverdig grad. Slike krav vil sikrast gjennom



vilkår i vedtak for ev. tillating. Kva gjeld samla belastning, meiner forvaltaren at tiltaket i seg sjølv ikkje vil medføre auke – den auka blei det tatt høgde for i samband med løyve gjeve tidlegare.

Når det gjeld vurderingar av eventuelt utslepp og forureining i samband med tiltaket, har forvaltingsmyndigheita gjort ei vurdering av dette opp mot bestemningar i verneforskrifta. Verneforskrifta kap. 4, punkt 1.1 oppstiller forbod mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller påverke landskapet sin art eller karakter. Etter punkt 1.1. er det mellom anna forbod mot uttak eller oppfylling av masse, inngrep i grunnen, grøfting, planting og utslepp av forureining av alle slag.

I dette høvet dreier tiltaket seg om eit såkalla gråvatnanlegg, og i følgje vurderingar gjort av *interkommunal Miljøhygienisk avdeling*, vil ei slik avløpsløyving gje eit avgrensa utslepp av svartvann og gråvatn til slamavskilling, og der etterfølgjande infiltrasjon tilfredsstiller dagens reinsekrah i forureiningsregelverket. I tillegg vil det frå kommunen i ei eventuell utsleppstillating bli satt vilkår for utforming, drift og vedlikehald av eit slikt anlegg. Miljøhygienisk avdeling skriv at dei *ser ingen fare for forureining av drikkevasskjelde eller vassdrag i området, og ein ser heller ingen fare for at eit slikt utslepp skal kunne medføre hygieniske eller forureiningsmessige ulemper for omgjevnadane.*

Forvaltingsmyndigheita vurderer dei faglege vurderingane som er gjort i dette konkrete høve som tilstrekkelege, og det aktuelle tiltaket vurderast å vere innanfor sett opp mot bestemningar i verneforskrifta.

Etter ei samla vurdering av saka, meiner forvaltingsmyndigheita at det i dette høvet kan gjevast tillating, då tiltaket vurderast til å ikkje vere i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Roar Fjeld løyve til å bore etter vatn og grave grøft på 15 meter for å etablere gråvatnanlegg og vakuumpolett, som beskriven i søknad dagsett 17.07.20. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldslova § 48.

Tiltaket er også vurdert etter bestemningar i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Grøftinga skal skje utan varige synlege terrenginngrep. Det er viktig at oppgravd areal vert pussa og naturtilstand så langt som mogleg vert tilbakeført. Stådeigne massar og torv skal dekke til grøfta.
- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst 3 gode fotografi, som viser utført tiltak frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er ferdig.

Løyvet gjeld berre i høve til naturmangfaldslova og bestemningar i verneforskrifta. Handsaming etter anna lovverk vil skje i Hjartdal kommune.

Det kan klages på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Roar Fjeld.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Sameigepart på gnr./bnr. 110/2 og 5
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda

Kopi av vedtaket vert også lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 4/22

Søknad om riving og oppføring av nytt uthus på gnr. 100 bnr. 24 i Seljord kommune – Sigrun Dyrland Eidal

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Seljord kommune har motteke søknad frå Sigrun Dyrland Eidal om riving av dagens mindre uthus og oppføring av nytt uthus på 15m² BYA. Nytt uthus vil få ei justert plassering. Dagens uthus er i søknaden opplyst til å vere 12m². Uthuset står veldig nærme fritidshuset og ei flytting vil gje noko lenger avstand mellom uthus i fritidshus.

I 2015 vart det gitt løyve til oppføring av eit mindre tilbygg og diverse mindre fasadeendringar på fritidshuset. BYA vart då 52m².

Verneområdestyret handsama denne søknaden i møte den 02.11.15 i sak 2015/3556 – 432.2 og gav løyve til dette tiltaket.

Seljord kommune har ingen merknadar til omsøkt tiltak.

Antall m² BYA for fritidshuset, uthuset og samla sett er innafør dei krav som verneforskrifta for landskapsverneområdet Brattefjell – Vindeggen sett som maksimale krav.

Seljord kommune har oversendt søknaden for handsaming etter verneforskrifta for verneområdet. Kommunen avventar vidare handsaming av søknaden etter plan- og bygningslova til søknaden er handsama av verneområdestyre for verneområde Brattefjell – Vindeggen.

Vedlegg

- Søknad motteke 15.03.22 (2022/2886-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høg fjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)"* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*



Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitsskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldslova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Hytta ligger i brukssona. Relevant forvaltingsmål for brukssona i denne saka er at *"Områda skal forvaltast med tanke på områdas art og karakter utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming."* Om bygningar seier forvaltningsplanen følgjande som er spesielt for brukssona:

- Innanfor sona skal det vere tillét med naudsynt vedlikehald av eksisterande bygningar. Det kan og gjevast løyve til tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar.
- Det er særskilte retningsliner for estetikk og materialbruk.
- Det kan gjevast løyve til oppføring av nye bygningar som er naudsynt i samband med jord- og skogbruksdrift.
- Ein kan unntaksvis gje dispensasjon for oppføring av bygningar i samband med annan utmarksnæring.

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Verneføresegna kap. IV pkt. 3 seier at *«Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til: 3.2 mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området dersom bruken ikkje vert endra.»*

Når det gjeld bygningar i verneområdet seier forvaltningsplanen mellom anna at *«maksimal storleik på hytte er BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m², altså kan ikkje samla areal på staden overstige 80 m².*

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slag verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verker negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege.



Til dømes er det sannsynleg å anta at utviding av overnattingskapasitet på ei hytte vil kunne medføre meir bruk og auke i samla belastning i et verneområde, enn om same hytta berre endra fasade. Er forvaltingsmyndigheita likevel usikker på kva negative effektar eit tiltak kan medføre for verneområdet, kan dei nytte Naturmangfaldlovas bestemming om «føre-var prinsippet». På den måten har forvaltningsmyndigheita anledning til å seie *nei* med utgangspunkt i at ein er usikker på om tiltaket vil skade verneføremåla eller ikkje.

Kunnskapsgrunnlaget for denne saka (jf. NML § 8) er basert på Naturbasen, forvaltningsplan, Norsk raudliste for naturtypar, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, samt registreringar av stølsanlegg og skjøtselsplan for stølsområde. I tillegg kjem all kunnskap om villreinen i området.

Hytta ligger i utkanten av villreinens leveområde. Her er normalt verken kalving eller viktig vinterbeite, men området er likevel eit viktig habitat for reinen. Sumar og haust har reinen ein klår preferanse for å bruke lågareliggande område og det er godt kjend at reinen periodevis opphelder seg i området. Området er dominert av myr, fjellbjørk og fjellgranskog. Det er nokre kjende kulturminne i område, men desse blir ikkje påverka av tiltaket. Det er ikkje registrert raudlista naturtypar på staden.

I denne saka søkjast det om løyve til å rive eksisterande uthus på 12 m², og bygge nytt uthus på 15 m² med ei litt justert plassering. Grunngeving for søknaden er at dei ynskjer betre plass til lagring av ved og liknande, og at eksisterande uthus står veldig nærme hytta. Planen er å bygge uthuset ca. 2 m lengre mot sør og 1 meter mot vest, ifrå dagens plassering. Hytta har totalt BYA på 52 m². Totalt BYA på staden vil bli på 67 m² dersom det byggast nytt uthus.

I dette høvet dreier det seg ikkje om å utvide overnattingskapasitet på staden, og det er difor ikkje å anta at eit nytt uthus med noko endra plassering vil påverke verneverdiane på nokon måte. Totalt BYA vil auke noko, men både storleik på uthus og samla BYA på staden vil vere innanfor den definera maksgrensa for storleik som forvaltningsplanen legg til grunn.

Estetikk er spesielt framheva når det gjeld bygningar i landskapsvernområde. Det heiter seg i forvaltningsplanen at dei skal ha ei tradisjonell byggestil og brun eller gråaktig farge, medan taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggjar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse. Planlagt uthus vil såleis vere i samsvar med andre bygningar i området, og kulturlandskapet vil framleis ha eit tradisjonelt preg.

Når ein følgjer forvaltningsplanens reglar om utsjånad om materialval, meiner forvaltaren at endringane ikkje vil påverke opplevinga av landskapet på staden.

Riving av eksisterande uthus og oppføring av nytt vil ikkje føre til relevant auke i bruken, men det kan tenkjast noko auke i trafikk i samband med materialtransport og bygging.

Likevel ligg hytta svært vegnært og det er tvilsamt at denne aktiviteten er av særleg relevans for verneføremåla. Likevel; skulle det stå villrein på staden så bør transport og/eller bygging stanse opp.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølv sagt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.



Alle avgjerder av ein forvaltingsmyndigheit vil skape presedens. Så også denne saka. Slik forvaltaren ser det, kan eit positivt vedtak forsvarast også ut frå moglege presedensverknader.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Sigrun Dyrland Eidal løyve til riving av eksisterande uthus, og oppføring av nytt uthus på BYA 15 m² på gnr. 100 bnr. 24 i Seljord kommune i samsvar med søknad dagsett 15.03.22. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner uthuset frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Sigrun Dyrland Eidal.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.